



Meland kommune  
Postboks 79  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale med motsegn -Offentleg ettersyn av områdeplan for Rylandshøgda - Meland

Vi viser til andre gongs offentleg ettersyn av områdeplan for Rylandshøgda, med frist 30.11.2019.

Fylkesmannen og Statens vegvesen hadde vesentlege merknader til første gongs offentleg ettersyn. Etter dialogmøtet mellom kommunen, Statens vegvesen og Fylkesmannen vart det semje om at kommunen må arbeide meir med planen og at Fylkesmannen og Statens vegvesen tar stilling til planen ved andre gongs offentleg ettersyn.

Til første gongs offentleg ettersyn hadde Fylkesmannen vesentlege merknader til handtering av Rylandsvassdraget og støy. Vi meiner no at støy er handtert tilfredsstillande.

### Rylandsvassdraget

I samordna uttale til første gongs offentleg ettersyn skreiv vi mellom anna: «Fylkesmannen meiner dei hydrologiske vurderingane må utførast og innarbeidast i planen på siste plannivå og ikkje skyvast på til byggjesak. Fylkesmannen vil legge til at vassdragsverdiane dreier seg om meir enn avrenning til vassdraget, som til dømes landskap og naturmangfald. Alle relevante vassdragstema må vurderast i planskildringa og etter det er gjort må ein rette opp plankart og føresegn. Fylkesmannen meiner primært at det bør leggjast inn ei omsynssone med relevant føresegn til. Om kommunen ikkje ønsker dette må planarbeidet likevel vise og handtere verdiane på ein eigna måte. Verneplanen og rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag må vere utgangspunktet for vurderingane.»

I oppdatert planskildring vert forvaltningsplan for Rylandsvassdraget, og RPR for verna vassdrag vurdert opp mot tiltak i områdeplanen på ei oversiktleg måte. I planskildringa står det mellom anna: «Arealformål langs vassdraget i områdeplanen for Rylandshøgda vert regulert til LNFR område, utan moglegheit for utbygging. Reguleringsføresegn til VA og overvatnhandsaming, sikrar at avbøtande tiltak mot avrenning til vassdraget vert sikra i vidare planarbeid.»

Vi kan ikkje sjå at det er riktig at det ikkje vert opna for meir bygging i LNFR7 og 8. I føresegn § 5.4.1 vert det opna for tilbygg eller påbygg på 30 m<sup>2</sup> og uthus på 15 m<sup>2</sup>.



Til første gongs ettersyn skreiv vi at: «Når det gjeld LNF-spreidd områda har kommunen vurdert at planen ikkje opnar for meir enn kommuneplanen opnar for. Fylkesmannen kan godta at desse tomtane framleis har same status som i kommuneplanen, men det må leggest ei konkret byggegrense mot vassdraget inn i plankartet.»

Eigedom 43/52,54 og 43/65 ligg i føresegna til kommuneplanen i liste øver eigedomar som skal definerast som LNF-spreidd eksisterande fritidsbustadar. Desse eigedomane er lagt inn med LNF-spreidd føremål i plankart til områdeplan med tilhøyrande føresegn 5.4.1 a. Siste punkt i føresegn 5.4.1 a omhandlar byggjegrænse mot vassdrag og er ikkje i samsvar med byggjegrænse satt i plankartet. Planen må rettast opp slik at det er samsvar mellom kart og føresegn. Ettersom vi ikkje kan sjå at byggjegrænse i desse formåla er konkret vurdert og fordi dette området ligg i grøntområde mellom verna vassdrag og veg og innafor område for verna vassdrag, kan vi ikkje sjå at kommunen kan sette byggjegrænse slik den visast i kartet. Det ser ut som byggjegrænse er satt 4 meter frå vassdraget. Kommuneplanen opnar heller ikkje for dette. I føresegna til kommuneplanen punkt 1.6.5 som omhandlar tiltak på bygd fritidseigedom der byggjegrænse mot sjø, vatn og vassdrag ikkje skal gjelde, står det i siste punkt: «Tiltak kan likevel ikkje plasserast nærare sjø og vassdrag enn eksisterande bygningar (bygg/veggliv)». Deler av området LNFR7 i områdeplanen er i kommuneplanen vist som friområde. Kommuneplanen opnar ikkje for LNF-spreidd der. Vi meiner også at byggegrense å formålsgrænse må samsvare, slik at det ikkje vert rom for tvil om kva som gjeld.

Vi har også ein merknad til at føresegn til LNFR6 er lagt under bruk og vern av sjø og vassdrag. LNF er ikkje eit underformål av bruk og vern av sjø og vassdrag og må leggest under føresegn til LNF-formål.

#### Konklusjon

Fylkesmannen har motsegn til områda LNFR 7 og 8 slik dei ligg i plankartet. Vi vurderer at omsynet til verna vassdrag ikkje vert godt nok ivareteken i desse områda. Fylkesmannen kan trekkje motsegna om formålet og byggjegrænse mot vassdraget vert trekt tilbake til veggiv på eksisterande fritidsbustad slik at det ikkje vert motstrid mellom kart og føresegn.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesø  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER